



www.voss.kyrkja.no

Nr 3 | 2025 | 84. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



4-5 INTERVJU
MED SVEIN

14-15

TI SAMTALETIPS
FRÅ KIRKENS SOS

DE HISTORISKE

DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP
T: 56 52 05 00

Auto, Fredrik,
Steen og Marie
Fleischer

**DET ER NOE
MED FLEISCHER'S**

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og
dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin
forbauselse ankom de så et hotell med en
forunderlig velkjent atmosfære av fornemme,
kontinentale vaner, av dannede gjestfrihet.

**MED TRADISJON
FOR STORSLAGNE
BEGIVENHETER**

**FLEISCHER'S
HOTEL**
ANNO
1864

f t i c

56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjentytt:

Kyrkjentytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve og Knut Skiple.

Redaktør: Jorunn Våle Tonckens
Tlf 905 82 101.
E-post: jv763@kyrkja.no

Grafisk produksjon: Wenche Horvei
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7400 eksemplar

Kyrkjentytt for Vossabygdene kjem ut som fulltdistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Framsdebilete: Åshild Bøe Kharazmi

Voss kyrkjelege fellesråd:

Fellesrådsleiar: Linda Utne Tvinde

Tlf 401 02 129

Konstituert kyrkjevevje

Kjersti Vestrheim Helland

Tlf 900 79 805. E-post: kv934@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M. Velsvik

Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

Trusoppplæringsmedarbeidar

Åshild Bøe Kharazmi

Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar Anja Slåtten

Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no

Organist Gohar Marandyan

Tlf 482 26 390. E-post: gm282@kyrkja.no

Organist Frode Vik

Tlf 952 62 084.

Organist Ellen Marie Selland Geithung

Tlf 980 64 594.

Organist Edyta Bryk

Tlf 954 30 695.

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Kyrkjetenar på Evanger

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

Tlf 414 75 383.

Kyrkjetenar i Granvin Ingvild Baartvedt

Tlf 468 98 970.

Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje

Trond Olav Neteland

Tlf 957 02 327.

Kyrkjetenar i Raundalen Nils Lid

Tlf 901 36 496.

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege Ukvitne

Tlf 918 74 201.

Kontormedarbeidarar Idunn Holen,

Jorunn Våle Tonckens og Lene Brunborg.

Soknerådsleiarar:

Evanger og Bolstad: Anny Forthun

Tlf 481 36 520.

Voss: Randi Kløve

Tlf 952 06 177.

Oppheim: Heidi Hisdal

Tlf 992 54 932.

Vinje: Rigmor Ulvund

Tlf 990 33 293.

Raundalen: Nanna Nordahl

Tlf 917 58 826.

Granvin: Sigvor Melve Schrey

Tlf 911 32 608.

**Neste nummer kjem
i slutten av november.
Frist for innlevering av stoff er
onsdag 5. november.**

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert

Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen

Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

Sokneprest i Granvin og Ulvik

Anne Marthe Ulvik

Tlf 924 35 096. E-post: au237@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbo

Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

Kyrkjekontoret på Voss:

Opnings-/	Måndag-fredag 10-14
telefontider:	Onsdag 12-14
Besøksadresse:	Uttrågata 5
Postadresse:	Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss
Telefon:	56 52 38 80
E-post:	post.voss@kyrkja.no
Kontonr:	3480.16.45293
	www.voss.kyrkja.no

Informasjon om gudstenester, trusopp-
læringstiltak, påmelding til dåp og mykje
anna finn du på www.voss.kyrkja.no

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon
og skann denne qr-
koden anten med ein
qr-app eller via kamera
(Apple-produkter).

Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjetoynet),
tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar
er Kjersti Vestrheim
Helland.






Foto: Bo Mathisen/Den norske kyrkja

All makt

Andakt av Åslaug Ihle Thingnæs (budde på Voss 1957-66, hytte på Voss 1969-dd)

Eg har fått all makt, sa Jesus. All makt i himmelen og på jorda.

Det er ei provoserande utsegn, ikkje minst inn i dagens situasjon i Ukraina og Midtausten. «Bruk den makta då!» har eg lyst å ropa. Kvifor grip han ikkje inn? Kvar er Han? Men det er ikkje slik det fungerer. Me er skapte med hovud, hender og hjarte, og så har Jesus gitt oss retningslinjer for liva våre.

Det skal ikkje lenger handla om auge for auge og tann for tann. Jesu oppfordring er det motsette, snu andre kinnet til, gå ei ekstra mil, tilgi nesten din. Med andre ord ein skikkeleg motkultur. Og som om ikkje det var nok: Gløym ikkje å vera gjestfrie, står det i Hebrear-brevet.

Ikkje lett å akseptera, ikkje den gong, og heller ikkje i dag. Me vil bestemma sjølv; og så rotar me det til, både i liten og stor målestokk. Men Jesu ord om å elska nesten står der, det, og så er det der med all makt...

Ordet «makt» kan gi frysningar når det vert assosiert med maktmisbruk, maktmenneske og manipulasjon, i seg sjølv mange viktige tema som må takast på alvor. Men her kjem orda frå Jesu munn, Herren og Frelsaren min. Og kva då?

Merk at han seier at han har FÅTT all makt; han har ikkje tatt den. Det er ikkje eit kupp. Jesus utøver ikkje si makt med makt, men i kjærleik og nåde. Akkurat det er det mange av våre kjære salmediktatarar som har fått med seg. Berre sjå her:

*«Han herske vil med miskunns makt»
(Gjør døren høy)*

*«full av makt og renhet, og av kjærlighet»
(Hellig, hellig, hellig)*

*«Du skal beseire mørket med kjærlighetens makt»
(Vi ser deg, Herre Jesus)*

Denne samanstillinga av makt med så mange positive verdiar og eigenskapar, er eitt av mange paradoks og tilsynelatande sjølvmotseiingar i trua vår.

Jesus; både Gud og menneske

Eg; samstundes syndar og rettferdig, feilande og heilag.

Klarar eg å ha dei to tankane i hovudet på same tid?

Jesu maktutøving er ut frå eit sant og heilt hjarta som er fylt av kjærleik og miskunn. Berre dei orda gjer at eg slappar av.

Å kvila i han som våga å bli liten; som våga å gi avkall på det som makt tradisjonelt er knytt til; det er spennande og utfordrande.

«Når han styrer båten», står det i barnesongen, og det er jo vesentleg kven som faktisk har handa på rattet. Det betyr ikkje at eg let meg driva med som ein hjelpe-laus skapning, men som eit tillitsfullt barn hjå sin far.

- For riket er ditt; makta og æra - i all æve! AMEN.

Anleggsarbeidaren som enda opp i kyrkja

I 11 år har Svein køyrt frå bustaden i Stamnes til kyrkjekontoret på Voss. Som pensjonist ser han fram til meir tid saman med familien.

Tekst og foto: Jorunn Våle Tonckens

Svein Tøsse starta si yrkeskarriere som tunneldrivar. Av utdanning har han fagskule bygg og anlegg og ingeniørhøgskule. At han skulle enda opp med å arbeida 30 år som kyrkje-verje, var nok ikkje sjølvsgagt.

- Korleis gjekk det til at du hamna i kyrkja?

- I 1995 fekk eg tilbod frå Vaksdal kommune om ei 50% stilling som kyrkjeverje og ei 50% stilling som eigedomsforvaltar. Dette takka eg ja til, og slik byrja det heile. Då den nye kyrkjelova kom i 1997, vart kyrkje-verjestillinga utvida til 100 %. Eg søkte og fekk den, og vart då heiltidstilsett av Vaksdal kyrkjelege fellesråd.

«Hovedorganisasjonen KA» hadde på den tid ei desentralisert grunnutdanning for kyrkjeverjer, og den fekk eg høve til å ta. I 2014 søkte eg på og fekk stillinga som kyrkjeverje i Voss.

- Kva opplevde du som den største skilnaden på kyrkjeverjestillingane i Vaksdal og Voss?

- I Vaksdal var det ein liten stab, og eg fekk prøva meg både som kyrkjetenar, gravar og sekretær. Det kunne vera utfordrande å få høve til å ta ut ferie og fridagar, og eg var stort sett tilgjengeleg døgnet rundt.

- På Voss kom eg til ein sjølvgåande stab der dei ulike tilsette hadde sine arbeidsoppgåver. Der gjekk meir av tida mi til å halda i trådane og løysa administrative oppgåver.

Fleire store byggjeprojekt

- Kan du fortelja om nokre av dei større prosjekta du har fått vore med på her på Voss?

- Bygging av Kyrkjetunet var det første store prosjekt eg fekk vera med på. Det førelåg planar om eit stort kyrkjesenter til over 20 millionar, men dette var det ikkje midlar til å realisera. Det vart deretter teke utgangspunkt i kva summar ein hadde til disposisjon, og talt opp kor mange kontor me hadde behov for. Me fekk kjøpt massar som vart tekne ut då parkeringshuset i sentrum skulle byggjast. Sidan bygget vart sett opp på ei solid fylling, slepp me å frykta for flaum i kontorlokala. Den gamle prestebustaden vart gjort om til møterom. 1. juli 2015 opna det nye kyrkjekontoret dørene. Det var ein gledeleg overgang å flytta frå Tvilde-moen til sentrum, og det var så kjekt å oppleve at både foreldre med barnevogner, pårørende og andre kom innom kontoret.

- Ved sida av Granvin kyrkje fekk me sett opp to små nybygg som vart ferdige i 2016. Det eine bygget inneheld eit bårerom og det andre har toalett, lager, pauserom og møterom.

- Då Voss og Granvin vart slegne saman til ein kommune i 2019, fekk dette også konsekvensar for kyrkja. Sidan det alt hadde vore eit administrativt samarbeid mellom Voss og Granvin, måtte me ikkje starta heilt på nytt. Likevel var det mykje som måtte administrerast for å slå saman kyrkja i dei tidlegare to kommunane. Noko av det kjekkaste eg har fått vera med på som kyrkjeverje, er monteringa av nytt sprinkleranlegg i Vangskyrkja. Dette var eit teknisk krevjande prosjekt, og kyrkja måtte difor stengjast 3 månadar hausten 2020.

- Må også sei at eg er stolt over å ha



Kyrkjetunet som Svein fekk vera med å opna i 2015.

FAKTA

Namn: Svein Tøsse
Alder: 65 år
Bustad: Stamnes
Familie: Gift, to born og eitt barnebarn
Aktuell: Hadde 8. august sin siste ordinære arbeidsdag som kyrkjevevjerje i Voss.

vore med og fått på plass minnelunden på Tunshovden. Då eg byrja som kyrkjevevjerje i Voss, var det få plassar til urner på kyrkjegardane. Utkastet til den lokal arkitekten Signe Mossige vann, og minnelunden vart offisielt opna i 2022. Diverre vart minneplattene stygge etter nokre år, men dei vart i vår skifta ut med nye plater som ikkje oksiderer. På Tunshovden har me også fått på plass eit eige gravfelt etter islamsk skikk.

- Elles er det utført vedlikehald og oppjusteringar i alle kyrkjene. Bårhuset på Vangen er også pussa opp. Der hadde det ikkje vore gjort noko sidan 70-talet, og me er godt nøgd med resultatet.

Kjekke og mindre kjekke arbeidsoppgåver

- Kva arbeidsoppgåver har du sett mest pris på i desse åra?

- Først og fremst er det vel mangfaldet og den unike variasjonen i arbeidsoppgåver som tiltalar meg. Det finst vel knapt ei meir variert stilling. Å vera til hjelp for pårørande, har vore meningsfullt. Eg har også likt godt å få vera med på å fiksa og reparera kyrkjebygga. Å få oppleve å setja ein ide ein får ut i live og sjå at resultatet vart bra, gjev stor glede.

- Samarbeidet med staben har også vore gjevande. I dei 11 åra eg har vore på Voss har det vore lite utskifting av tilsette. Eg har samarbeidd med fleire ulike prestar, men når det gjeld fellesrådstilsette, har mange vore veldig stabile. Det verkar som dei tilsette trivs på arbeid og opplever arbeidsoppgåvene som meningsfulle.



Svein i heimlege omgjevnadar.

Foto: Privat

- Kva arbeidsoppgåver kjem du ikkje til å sakna?

- Å senda ut gravferdsmelding til dei tilsette og syta for at det er nok tilsette på plass i kalenderen til ei kvar tid har kravd mykje. Digitale medium har heller ikkje vore favoritten min. Reinsing av kaffiautomaten på kontoret kjem eg neppe til å sakna.

- Korleis tenkjer du å fylla dagane dine som pensjonist?

- Eg planlegg å stå tidleg opp kvar dag. I fleire år har eg hatt eit enkelmannsfirma der eg teiknar hus og garasjar for folk i fritida. No kan eg arbeida meir konsentrert med dette. Og så ser eg fram til å kunna hjelpe familien min med logistikken. No vil eg få meir tid til å vera bestefar og leika meir. Vert vêret ruskete her, kan eg også reisa til eit varmare land, avsluttar Svein.

Helsing frå fellesrådet

Tusen takk for den gode innsatsen du har lagt ned gjennom alle åra som kyrkjevevjerje i Voss! Arbeid du har gjort har betydd mykje for kyrkjelydane, kyrkjebygga og lokalsamfunnet. Takk for omtanken du har vist, stå på viljen og ditt gode humør som tilsette og frivillige i kyrkja har hatt glede av. Takk også for at du er villig til å hjelpe oss litt i haust.

Me ynskjer deg alt godt vidare!

I tida fram til ny kyrkjevevjerje er på plass, er Kjersti Vestrheim Helland konstituert som kyrkjevevjerje. Den nye kyrkjevevjerja byrja i stillinga 01.01.2026. Han heiter Tor Ivar Johnsson, er 58 år og kjem frå Voss. Velkommen med på laget!

Voss kyrkjelege fellesråd v/leiar Linda Utne Tvinde

«Eg tykkjer det har vore kjekt!»

Klokkarlaget i Vangskyrkja ynskjer nye frivillige klokkarar. Kyrkjennytt tok ein prat med Norunn Signe Rong som har vore med sidan starten.

Tekst og foto: Jorunn Våle Tonckens

Korleis vart du med i klokkarlaget?

- Då Per Bøyum slutta som klokkar-diakon, vart me som sat i soknerådet på den tid utfordra til å stilla som eit frivillig klokkarlag. Slik starta klokkarlaget og slik vart eg med. Eg hugsar at eg syns det var skremmande fyrste gongen, og tenkte at dette kjem aldri til å gå bra. Heldigvis opplevde eg å verta godt motteken.

Kva er klokkarlaget sine oppgåver i dag?

- Me ynskjer folk velkomne og deler ut koffertar med diverse aktivitetsmateriell til borna som kjem. Deretter les me samlingsbøna, bibeltekstar og kunngjeringar, og så har me ansvar for å styra ljusbileta som kjem opp på skjermene. Er det nattverd, er gjerne ein av oss med på utdelinga. Dersom det er dåp, slår me vatn opp i døypefonten og held fram dåpsservietten. Etter gudstenesta har me ansvar for å servera kaffi, te, saft og kjeks bak i kyrkja. Det er også kjekt å samarbeida med konfirmantane som er med og

hjelper til under gudstenestene.

Mykje har endra seg i kyrkja sidan klokkarlaget starta i 1994. Har oppgåvene til klokkarlaget også endra seg?

- Det har vore ei stor endring når det gjeld det tekniske. Før brukte me salmebøker, men no kjem bådesalmane og liturgien opp på veggen. I starten var eg ikkje så positiv til at det skulle koma skjermar i kyrkja, men det er rart kva ein kan venna seg til. Tidlegare var dåpen midt i gudstenesta, og då tok me imot dåpsbarnet og foreldra i sakristiet. No er dåpen tidleg i gudstenesta, så då kjem dåpsfylgjet til gudstenesta startar. Dei seinare åra har ein også starta opp med enkel kyrkjekaffi bak i kyrkja stort sett kvar sundag. Det gjer det lettare for folk å stoppa att og slå av ein prat. Eg opplever at ting er vorte litt meir oppmjuka i dag enn då eg starta.

Du har vore med i klokkarlaget i mange år. Kva har du sett pris på med denne tenesta?

- For meg betyr det mykje å få vera i kyrkja og kjenna på freden og roa der. Eg føler meg heime der. Vangskyrkja er eit spesielt bygg med lang historie, og den vart spart då Vangen vart bomba under krigen. Det å få lesa bibeltekstar gjev meg glede. Det er ein god bodskap som skal fram. Sundagen er ikkje som andre dagar. Og så betyr fellesskapet mykje – både fellesskapet i klokkarlaget, med dei tilsette i kyrkja og med kyrkjelyden. Det er godt å koma inn i eit fellesskap og kjenna på gleda ved å vera med og bidra. Eg tykkjer det har vore kjekt!

Kven kan passa til å vera med i klokkarlaget?

- Eg tenkjer det er ei oppgåve alle kan vera med på. Ein treng ikkje vera vossing ein gong – sjølv kjem eg frå Lofthus. Me slepp å ordleggja oss sjølve, og får lesa frå det beste som er, nemleg Guds ord. Alle som er med får si eiga tekstbok og kan øva seg på tekstlesinga heime. Me treng heller ikkje vera redde for å stå framme i

Den nikenske truvedkjenninga

Foredrag i Vangskyrkja under Vossakyrkjemessa 2025, ved førstelektor ved NLA Peder Solberg.

Tekst: Arne Mosefinn

År 325 kalla keisar Konstantin inn til kyrkjemøte – konsil – i Nikea. Målet var å oppretta einskap blant dei kristne når det galdt forståinga av kven Gud, Jesus og Den heilage ande var.

Keisar Konstantin hadde gått over til den kristne trua som fylgje av at han sigra i eit slag mot motstandaren sin Maxenius i 312 og vart einekeisar i det romerske riket i 324. Og gjennom Milan-ediktet vart det høve til fri

religionsutøving i heile romarriket. Kyrkja vart altså lovbeskytta under Konstantin. I lengre tid hadde kyrkja opparbeidd seg stort truverd ved at ho tok seg av utstøytte, kvinner, barn og sjuke. No fekk ho og vern og store fordeler reint økonomisk.

Men blant dei kristne lærde hadde det utvikla seg ulike meiningar og parti som hadde sine tilhengjarar. På bakgrunn av dette var det at keisar Konstantin kalla inn til konsilet i Nikea. Det var ikkje ført møtereferat frå dette møtet. Difor har vi ikkje sikre opplysningar om kva som vart vedteke. Til dømes veit vi ikkje kor mange som var til stades. Eit mogeleg tal er 318 biskopar (av om lag 1800), og



kanskje 2000 deltakarar totalt. Roma biskop (paven) var der ikkje. Biskop Nicolas (julenissen) var kanskje der. Dei to som stod imot kvarandre, biskopane Arius og Alexander var sjølv-sagt med.

Kva var det så dei vedtok? Jau, mellom anna når påskedag skal vera. Men det mest vanskelege spørsmålet var kven Jesus er. Om han er «av same vesen» som Gud Fader eller ikkje. Mens Alexander understreka einskapen mellom Faderen og



Norunn ved inngangsdøra til Vangskyrkja.

kyrkja å lesa, for kven er det som sit i kyrkjebenkene? Jau, heilt alminnelege menneske. Me er også to frå klokkar-

laget på kvar gudsteneste som fordeler oppgåvene mellom oss og støttar kvarandre.

Sonen, la Arius vekt på Sonen som ein skapning underordna Faderen. Vedkjenninga som vart vedteken på dette møtet var anti-ariansk. Det vil seia at Sonen sin guddom, og dermed det guddommelege ved frelsesverket, vart understreka. Sonen er av «same vesen som Faderen».

Vedtaket på kyrkjemøtet i Nikea i 325 førte ikkje til at striden om arianismen opphøyrde. Striden vart først avslutta ved kyrkjemøtet i Konstantinopel i 381. Truleg vart det her vedteke ei ny vedkjenning som var meint som ei presisering av vedkjenninga frå 325. Relasjonen mellom Faderen og Sonen er framstilt slik: Jesus Kristus er «Guds einbårne Son, født av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av

lys, sann Gud av sann Gud, født, ikkje skapt, av same vesen som Faderen. Ved han er alt blitt skapt». Frå midten av 400-talet vart det føyd til ein artikkel om Den heilage ande som «utgår frå Faderen og Sonen».

Her er truedkjenninga slik vi brukar den i Den norske kyrkja i dag:

«Vi trur på éin Gud, den allmechtige Far, som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg. Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son, fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys, sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje skapt, av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt. For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen, og ved Den heilage ande

Har klokkarlaget egne samlingar?

- Ja, me plar ha ei samling kvar haust. Der kan me snakka om tenesta og ta opp ting me lurar på eller ynskjer å endra på. Me har vår eigen koordinator som set opp liste over kven som skal delta på kva gudsteneste etter at me har meldt frå om kva sundagar som ikkje høver. Det vert også sett opp ein reserve på kvar gudsteneste – i fall nokon skulle verta forhindra i å møta.

Kva vil du sei til nokon som vurderer om dei skal bli med i klokkarlaget?

- Eg trur det vil gje deg glede å vera med i klokkarlaget. Og du vil truleg også kjenna på det gode fellesskapet. No gjev eg meg, men eg vil gjerne senda utfordringa vidare til andre!

FAKTA

Namn: Norunn Signe Rong

Alder: 79 år

Bustad: Skulestadmo

Familie: Enkje, 4 barn og 4 barnebarn

Aktuell: Har vore med i klokkarlaget sidan starten

og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod. Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd, stod opp tredje dagen etter Skriftene og fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom og døma levande og døde, og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande, som er Herre og gjer levande, som går ut frå Faderen og Sonen, som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som har tala gjennom profetane. Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene og ser fram til oppstoda av dei døde og eit liv i den komande verda. Amen.»

Helgemesse/Allehelgensdag

Tekst: Diakon Sigrid D. Mala

Foto: Helene Moe Slinning/DNK

Sundag 2. november er det helgemesse/allehelgensdag som vert markert i alle våre sokn. Der vert pårørende og familie som har mista ein av sine invitert til ei minnegudsteneste med rom for sorg og sagn.

Denne dagen er også for oss alle som har mista nokon vi var glade i, uansett om det er gått få eller mange år.

For mange er denne dagen ein minnedag, då tankane våre går til dei som ikkje lenger er mellom oss. Mange går til kyrkjegarden, på grava eller minnelunden denne dagen, for å minnast dei som er døde og tenna lys. Vi i kyrkja ser ikkje berre dei vakre lysa, vi ser òg at livet er skjørt og sårbart og vi alle treng håp. Denne dagen vert liva våre sette i ein større samanheng.

På dei ulike minnegudstenestene vil me minnast og lesa opp namna på dei som er gravlagde i sitt sokn sidan sist minnegudsteneste, i innråming av vakker musikk.

For nokon har det gått eitt år, for andre kortare tid, for dei fleste vil det opplevast som kort tid sidan dødsfallet og saknet er sårt. Vi ynskjer difor å invitera dykk til ei stille stund i kyrkja på allehelgensdag, der de er av omgjevne av menneske og Gud i sorga.



Vi sender ut ein invitasjon via brev til dei som er pårørende siste året, men her er alle velkomne år etter år. Ein dag der vi alle minnes våre.

I år vert det minnegudstenester i desse kyrkjene:

Evanger kyrkje kl. 11.00

Granvin kyrkje kl. 19.00

Vangskyrkja kl. 17.00

Oppheim kyrkje kl. 19.30

Raundalskyrkja kl. 17.00

Det vil også vere ope i Vangskyrkja frå 12.30 – 14.00. Der er alle som saknar sine, hjarteleg velkomne innom for ei roleg stund. Her kan du sitte ned og tenne ljós. Der vil også være nokon å snakke med av tilsette i kyrkja om du ynskjer det. De er alle hjarteleg velkomne!

gjennom livet

Ord til ettertanke

*Kvifor bruke lyse dagar
til å tenkje på det mørket som kan koma?
Då vert både det lyse og mørke mørkt!*

@hildedjup

Tekst og foto: Hildebjørg Djupvik

Ny møteplass: Ope Kyrkjetun

Tekst: Signy Tunes og
Anja Kristin Slåtten
Foto: Jonathan Vivaas Kise/
Den norske kyrkja

I haust startar frivillige opp ein ny møteplass i Kyrkjetunet kvar torsdag.

Me ser fram til å kunna møtast kvar torsdag kl. 14.00-16.00 i Kyrkjetunet i Uttrågata 5. Her blir det enkel servering med te/kaffi. Håpet er å få til eit fellesskap der me kan ta opp ting me er opptatt av og hygge oss! Ein gong i månaden vil samlinga



Me treng kvarandre og fellesskapet.

starta med «**Musikkstund i Vangskyrkja**» kl. 14.00-14.30 ved organist Gohar Marandyan. Etterpå går dei som ynskjer det til Kyrkjetunet for ein god prat og ein kopp kaffi/te. Det vert «Musikkstund i Vangskyrkja»

desse torsdagane: 11. september, 9. oktober, 6. november og 4. desember.

Tilbodet er gratis og alle er hjarteleg velkomne!



Årets konfirmantar på Vossestrand vart presenterte. Foto: Ruth Thaula

Stølsmesse på Tjødnarhovden

Tekst: Anja Kristin Slåtten

Det var stølsmesse og konfirmantpresentasjon på Tjødnarhovden søndag 24. august i nydeleg vêr med 80 frammøtte. John Ove Thaula heldt preika og Anja Slåtten presenterte dei flotte konfirmantane. Sokeråda i Oppheim og Vinje, saman

med Sigurd Sundsvoll og familien hans, hadde stelt i stand betasuppe, rømmegraut, dravle og masse kaker til stor glede og takknemlegheit frå unge og eldre. Gudstenesta vart avslutta med konkurranse i hesteskokasting, tradisjon tru på Tjødnarhovden.



God mat og god prat rundt langborda på stølen. Foto: John Ove Thaula



Presten måtte frigjerast frå lenkene han var bunden med før han kunne halda gudsteneste.



Det var mange som samlast i solskinnet på dei gamle murane.

Kyrkjelydstur til Bjørndalen

Tekst og foto: Ellen Iren Johansen Århus

Kyrkjelydsturen for Evanger og Bolstad sokn den 24. august, gjekk i år til Bjørndalen. Det er der bøndene på Århus, innerst i Teigdalen, har stolar. Her held ein geitebonde til med mjølking heile sommaren. I tillegg går her sau.

Prest Frode Kvamsøe måtte frigjerast frå lenkene han var bunden med, her ved hjelp av ein ung turmedlem, før han kunne halda gudsteneste. Lenkene var eit bilete på søndagen sin bibeltekst, i Evangeliet etter Johannes 8,31-36, der Jesus seier: ...den som blir i mitt ord..., skal kjenne sanninga, og sanninga skal gjera dykk frie... Får Sonen gjort dykk frie, blir de verkeleg frie».

I talen sin gjorde Frode oss merksame på kor bundne me også kan vera i dagleglivet. Til skjermene våre, til forventningar og krav, til jobb og pengar, ja til så mykje som hindrar oss i å vera frie, og som tynger oss.

Det var godt over tjue personar som samlast i solskinnet på dei gamle murane, som står att etter garden som fekk eit så tragisk endelikt på 1800-talet. Det var ei fredelige stund med andakt, salmesong og matøkt, alt akkompagnert av svak bjølleklang frå fjerne sauer. Beste akkompagnement stod likevel presten sjølv for, med sin gitar, då

me stemte i med salmen «Hvilken venn vi har i Jesus», kor vi vert så omsorgsfullt minna på at me kan gå til Han i bønn, og han vil lette byrdene våre.

Etter gudstenesta fortalte kjentmann Steinar Århus, geitebonden i dalen, historia om denne gamle garden. Og han heldt verkeleg forsamlinga bunden når me fekk høyre om snøskreda som feia både hus, folk og fe av murane. Snøskreda tok mange liv, men berre kvinner og born, då mennene var bortreist, på

arbeid og anna. Dei selde garden til bøndene på Århus og flytte derifrå.

Som presten vart fri frå lenkene sine heilt i byrjinga, vart også me andre glade for at me kunne ta fatt på heimvegen og fri oss frå den sorgtunge historia som kviler over dei gamle murane, der dei ligg så fredelige på kanten av Bjørndalen. Og slutten på salmen tek me med oss: «Bedre venn kan ingen finne enn Guds egen kjære Sønn. Bær i gleden som i sorgen alle ting til ham i bønn!»

Takk for turen!

Kyrjekaffi på Evanger



*Kjekt med kyrjekaffi ute i det fri etter gudstenesta i Evanger kyrkje 13.07.25.
Foto: Karianne Fredriksen*

Skiplestemna

Tekst og foto: Knut Skiple

Den årvisse Skiplestemna vart gjennomført den 22.06.25 på Skiple gamle kyrkjegard. Prest Arne O. Øystese heldt andakt og Nicole Dube som er frå Ottava i Canada og arbeider med flyktningar i Voss herad fortalte om dette arbeidet og hennar bakgrunn frå Canada. Vêret vart bra og bra fram møte, 29 stk.



Øverst t.v.: Nicole Dube fortalte om arbeidet med flyktningar i Voss herad og bakgrunnen hennar frå Canada.
Øverst t.h.: Arne O. Øystese heldt andakt.
Under: Frammøtet var bra.

Olsok på Krossaset

Tekst og foto: Arne Mosefinn



Vetle Leksbø og Kolbjørn Blikås leia gudstenesta på Krosset.



Benjamin Leksbø spelte kong Olav.

Ca. 40 møtte fram til olsokgudstenesta på Krosset 27. august. Prest var Vetle Leksbø. Han ynskte velkomen og spelte på gitar til salmane.

Klokkar Kolbjørn Blikås var tekstlesar og medhjelpar elles. Preiketeksten var frå Luk. 22, 24-27 om kven som er den største. Olav var kongen

som innførte kristendommen i Noreg, mest med makt. Men han var og ein tenar for folket, og den som innførte kristenretten i landet.



Barnas

LABYRINT

Kan du hjelpe guten gjennom labyrinten slik at han kan gi fiskane og brøda sine til Jesus?



Vits

- Veit du kor mykje klokka er?
- Ho er i alle fall ikkje fire.
- Korleis veit du det?
- Jo, for eg skulle vere heime klokka fire, og det er eg jo ikkje.

Teikningar: CLAUDIA CHIARAVAILOTTI

FARGELEGG


Her gir nokon barn to fiskar og fem brød til Jesus. Jesus brukte det til å gi mat til 5000!



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Vits

Mannen tok på seg reine sokkar kvar dag. Til slutt fekk han ikkje på seg skoa ...

KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjå bibel.no

Bygning i Lukas 2,46 1.

Disippel i Johannes 20,26 2.

Bær i Matteus 7,16 3.

4. Tal i Matteus 26,15

Landområde i Markus 16,7 5.



Søndagsskolen – mer enn du tror

T - DAGAR FRAMOVER

Voss

- T12** «Movienight - Narnia»
26.09. kl. 17.00 i Vonheim.
T4 «Utdeling av barnebibel».
28.09. kl. 11.00 i Vangskyrkja.
T13 «Movienight - Narnia»
03.10. kl. 17.00 i Vonheim.
T11 «Lys Vaken»
14.11. kl. 18.30 i Vangskyrkja.
T5 «Julekrubbe» 17., 18. el.
19.11. kl. 16.00 i Vonheim.

Raundalen

- T12** «Movienight - Narnia»
26.09. kl. 17.00 i Vonheim.
T13 «Movienight - Narnia»
03.10. kl. 17.00 i Vonheim.
T3/4/5 12.10. i Raundalskyrkja.
T11 «Lys Vaken»
14.11. kl. 18.30 i Vangskyrkja.

Oppheim og Vinje

- T3** «Undretur»
21.09. kl. 10.00 i Vinje kyrkje.
T4 «Utdeling av Barnebibelen»
21.09. kl. 11.00 i Vinje kyrkje.
T5 «Julekrubbe»
09.11. kl. 09.00 i Vinje kyrkje.
T11 «Lys Vaken» 21.11.
kl. 18.45 i Oppheim kyrkje.

Granvin

- T12** «Movienight - Narnia»
26.09. kl. 17.00 i Vonheim.
T13 «Movienight - Narnia»
03.10. kl. 17.00 i Vonheim.
T10/11 «Lys Vaken»
17.10. kl. 19.00 i Granvin kyrkje.
T3 «Undretur»
22.11. i Granvin kyrkje.
T5 «Julekrubbe»
22.11. i Granvin kyrkje.
T4 «Utdeling av barnebibel»
23.11. kl. 11.00 i Granvin kyrkje.

Evanger og Bolstad

- T12** «Movienight - Narnia»
26.09. kl. 17.00 i Vonheim.
T13 «Movienight - Narnia»
03.10. kl. 17.00 i Vonheim.

NB! Endringar kan koma!



I tweensklubben kan ein stilla spørsmål, grubla og utforska mogleg svar saman.

Oppstart av Tweensklubb i Vangskyrkja

Kven er eg? Kva er meininga med livet? Finst det ein Gud, og i så fall, bryr han seg om meg? Er eg verd å elska? Er Gud og bibelen berre eventyr, eller gir det mening å tru?

Tekst og foto:
Ingvill Humlebrekke

I tweens-fasen mellom barn og tenåring aukar spørsmåla om liv og tru. Då er det viktig med arenaer der ein i ein trygg setting kan stilla spørsmål, grubla og utforska moglege svar. Dette har vist seg å vera svært viktig, ikkje berre for den generelle utviklinga frå barn til vaksen, men også for kvar enkelt si trusutvikling.

Derfor startar me i haust opp tweensklubb i Vangskyrkja som ein del av søndagsskuletilbodet.

Vårt håp er å leggja til rette for eit fellesskap der me saman kan utforska kva trua på Gud er. Kva kan det å tru på ein Gud som er glad i oss og vil vera saman

med oss gjera med relasjonen vår både til oss sjølve og andre? Dette er noko av det me ønskjer å snakka om.

Gruppa er for 5.-8.-klassingar og vil gå føre seg parallelt med gudstenestene annankvar søndag frå 7. september. Me startar saman i gudstenestene i Vangskyrkja, og går så over på kyrkjjetunet undervegs (nokre av samlingane vil vera i Vonheim). Me vil leika, lesa saman i bibelen og snakka om tema knytt til tru og det å vera tweens. Leiing av gruppa blir fordelt mellom Vette prest, og Ingvill og Olav Humlebrekke, som begge m.a. gjennom Navigatørene har lang erfaring med å jobba med barn og ungdom som ønskjer å finna ut kva det kan bety å «ha ein himmel over livet».

Velkommen!

På oppslagstavla på side 21 finn du tweensklubb-datoane for hausten.

Slik blir du ein betre samtalepartner – 10 tips

Vi veit at ein god samtale redder dagen for mange. Og livet for nokre. Her får du ti konkrete samtaletips som kan gjere deg til ein betre samtalepartner.



Samtalar kan redde liv, men vi må våge å spørje, lytte og vere til stades. Kirkens SOS er den største krisetenesta i Noreg, og våre frivillige lyttar og støttar menneske i krise – på telefon, e-post og chat. Alle som tek kontakt er anonyme, og vi har teieplikt.

1. Ta deg tid til å lytte.

Ver tolmodig og snakk lite sjølv.

2. Vis at du lyttar og ønskjer å forstå.

Gjenta gjerne det du oppfattar at den andre seier, for å sjekke at du har forstått rett.

3. La den andre få snakke.

Ikkje bruk samtalen til å kome med dine eigne historier eller kjensler.

4. Gje anerkjenning og støtte.

Ros den andre for å ta opp problemet og dele kjenslene sine med deg.

5. Hjelp til med å rydde.

Prøv å dele opp og strukturere store problemer.

6. Gje heller innspel enn råd.

Still spørsmål som kan bidra til at den andre finn løysingar sjølv.

7. Leit etter lyspunkt.

Gje styrke ved å minne om det den andre gjer bra og lukkast med.

8. Tål stillheit.

Det er rom for pausar i ein god samtale.

9. Avklar forventningar.

Få klarheit i kva den andre ventar at du skal gjere etter samtalen.

10. Hald på løyndommar.

Det som skal vere mellom dykk, må bli mellom dykk. Verdset den tilliten du får.

Les mer her: www.kirkens-sos.no/samtalekurs/ti-samtaletips

Vi treng fleire frivillige. Er det deg?

Du treng ikkje ha erfaring, det viktigaste er at du vil lytte og møte folk med respekt og forståing. Du får god opplæring gjennom kurs og praksis, slik at du blir trygg på å ta imot samtalar. Les meir her: kirkens-sos.no/frivillig

***"Ord blir fattige, eg møtte eit menneske
som forstod meg og som hadde tru på meg...
Eit lys i mørket, rett og slett!"***

Tilbakemelding frå innringar

Treng du nokon å snakke med?

Ring eller skriv. Vi her her. Alltid.

Telefon: **22 40 00 40** E-post: kirkens-sos.no Chat: soschat.no





Illustrasjon: Kirsten M. B. S. Finch

Sortering av avfall på grav- plassane

Som i andre samanhengar skal også avfall frå gravplassane sorterst.

Tekst og foto: Arne Mosefinn

På Vangen er det lagt godt til rette for det. Her er det dunkar for planteavfall, for el-avfall og for restavfall (sjå bilete). Alt avfallet vert levert til BIR Voss. Planteavfallet vert samla i containerar og levert som hageavfall, men dersom det er for mykje plast o.l. i avfallet, må det handterast som restavfall.

Det er diverre slik at ikkje alle klarar sorteringa like godt (sjå bilete). Plastposar, potter, glaslykter og stearinlys skal leggjast i dunken for restavfall, og ikkje kastast saman med planteavfallet. Elektriske lykter og anna elektrisk skal kastast i dunken for el-avfall. Batteri skal ein helst ta med seg, men det kan og gå saman med el-avfall. Papirposar kan ein kasta saman med planteavfall.

På **dei andre gravplassane** i Voss vert ikkje planteavfallet kompostert. Dette skal difor kastast saman med restavfall. Også anna avfall skal i dunken for restavfall.



Slik ser avfallsdeponiet ut på Vangen. Kvar dunk er godt merka.



Dunkane for restavfall og el-avfall er godt merka.



Men som ein ser, vert det ofte kasta plastposar, lys og lyslok saman med planteavfallet.



Her ligg det både blomsterpottar og plastposar i planteavfallet. Papirposar er på rett plass, men ikkje om dei inneheld pottar o.a. restavfall.



Det er fint med lys på gravene. Stearinlys bør helst stå inni faste lykter slik som her. Elles vil fuglar gjerne dra dei rundt på gravplassen.



25 år med kvinnelege prestar i Etiopia

Ved læring vert forståinga av oss sjølv, familien vår og samfunnet rundt oss styrka.

Tekst: Britt Hernes
Foto: NMS

5. mars i år samla 200 kvinnelege prestar seg for å feira at det er 25 år sidan den første kvinnelege presten vart ordinert i den evangeliske kyrkja i Etiopia. Prestane kjende på stoltheit og glede og var takksame mot Gud som har leia dei i både medgang og motgang. Som den første kvinnelege presten, pastor Bakure Daba sa: «Kvinnelege prestar handlar ikkje først

og fremst om kvinnene sine rettigheter. Det handlar om Guds kall og vår lydnad mot kallet».

Det var dei mannlege leiarane som pressa fram at kvinner kunne bli prestar. Dei heldt fram med denne kampen til kyrkjerådet godtok ordinasjon av kvinner i 1997.

Pastor Ruth Megersa fortalde at ho dei første åra som prest ikkje fekk lov å stå for gravferder, av di samfunnet trudde at ein kvinneleg prest ikkje var kvalifisert. Ved eit høve var alle dei mannlege prestane opptekne eller bortreist. Då måtte pastor Ruth trø

til. Etterpå ordna det seg og kvinnene takkar Gud som har gitt dei styrke til å stå i motgangen.

Av 9111 prestar i Mekane Yesus-kyrkja (EECMY) er berre 260 kvinner. Det trengs difor framleis mykje arbeid for større kvinneandel. Mekane Yesus-kyrkja er den største lutherske kyrkja i verda og har over 11 millionar medlemmer i Etiopia. Av den grunn er 260 kvinnelege prestar for lite og etterspurnaden er stor. Mange av dei kvinnelege teologistudentane får støtte av NMS til å ta utdanninga.

Me ynskjer signing over dette arbeidet.



Kvinnelige prestar i Mekane Yesus-yrkja i Etiopia.

Voss sokn sitt misjonsprosjekt støttar NMS (Det Norske Misjonsselskap) sitt arbeid i Etiopia.

Din røyrliggjar i sentrum Comfort Helge Nikolaisen A/S Installasjon - Service - Vedlikehald Velkomen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss	 Padlekurs på Elv og Hav - Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995	 Voss Møbel & Trevareverkstad AS Skyvedørskarmar Loftstrapper Inspeksjonsluker Tlf. 56 52 10 10 www.vmt.no
O.L.KYTHER AS entreprenør Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60	norli Norli Vossevangen Vangsgata 27, 2700 Voss Tlf. 56 51 11 16	Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?  pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36
GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyningar og oppussing – ta kontakt med: STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099	Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 - med tilbod til liten og stor	 vinjo
Me ordnar alt vedrørende dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blommar VIRKE GRAVFERD Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no	 Voss Energi -rein vossakraft!	 VOSS SPAREBANK BYGDA SIN BANK post@vossabanken.no 56520300



Gravplass i Voss

Ynskje om kontakt med festar

Tekst: Kjersti V. Helland
Foto: Hege Ukvitne

Kyrkjevevja set av og til ut kvite plastlappar på gravminne for å kome i kontakt med festar eller ansvarleg for grava. Nokre gongar har festar gått bort og me manglar opplysning om kven som skal overta feste, andre gongar har me ikkje rette kontaktopp-



Ser du ein slik kvit plastlapp på ei grav du har kjennskap til, er det fint om du kontaktar gravplass-administrasjonen på kyrkjekontoret.

lysningar eller me treng å oppdatere informasjonen.

Lappen er ei venleg oppmoding om å ta kontakt med kyrkjekontoret så me får ordna det som trengst og sikra at grava vert teken vare på vidare i tråd med gjeldande reglar.

Gjevarteneste til sokna i Voss

Ynskjer du å bidra litt ekstra til kyrkja sitt lokale arbeid på Voss? Brenn du for musikk, diakoni eller ungdomsarbeid? Du kan støtte arbeidet vårt ved å gje eit beløp til sokna si gjevarteneste. Ingen beløp er for store, ingen beløp for små.

Sokn	Bankkonto	Vippsnummer
Evanger og Bolstad	3480 16 37169	645836 (Evanger kyrkje)
Granvin	3480 17 56893	530947 (Granvin kyrkje)
Oppheim sokn	3578 31 19232	513003 (Oppheim sokneråd)
Vinje sokn	3578 31 11487	509236 (Vinje kyrkje Vossestrand)
Raundalen Mjølfjell kapell	3480 50 79829	139778 (Raundalen sokneråd)
	3480 51 12265	899224 (Mjølfjell kapell)
Voss	3480 30 84647	127376 (Vangskyrkja)

Vil du vera med og støtta utgjevinga av Kyrkjenytt?

Hjarteleg takk til alle som har støtta bladarbeidet økonomisk så langt i år! Det kostar å setja opp, trykkja og senda ut bladet til alle husstandar i Voss herad.

All økonomisk støtte, uansett storleik, vil vera med på å gjera oss i stand til å halda fram med utgjeving av Kyrkjenytt i papirform. Tusen takk til deg som vil støtta dette arbeidet! Både giroen nedanfor og Vippsnummer **568391** kan nyttast.



VIPPSNUMMER Kyrkjenytt for Vossabygdene: 568391

Kvittering

Innbetalt til konto

3480 16 45293

Beløp

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

6061156853

Betalingsinformasjon

Faktura 9081
Gåve til Kyrkjenytt

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Betalt av

Mottakarar av Kyrkjenytt

Betalt til

Voss kyrkjelege fellesråd
Postboks 49
5701 Voss

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundidentifikasjon (KID)

20039090814

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

<

>

3480 16 45293

<6061156853>

OPPSLAGS

Treng du nokon å snakke med? Me vil gjerne vere her for deg!

I kyrkja er det alltid rom for å kunna snakka om livet på godt og vondt. Prestar og diakonar har teieplikt og er her for deg.

Ta gjerne kontakt med ein av diakonane våre:
Sigrid D. Mala. Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no
Anja K. Slåtten. Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no



øver i Vangskyrkja onsdagar kl. 17.30-18.30.

Alle songglade born i alderen 4 år til og med 10 år er velkomne!

Kontaktperson: Åshild Bøe Kharazmi,
e-post: ak649@kyrkja.no

Heimebesøk

Er det vanskeleg for deg å koma til oss, kjem me heim til deg.



Kontakt diakon Sigrid D. Mala, tlf 478 49 134, diakonimedarbeidar Anja K. Slåtten, tlf 417 04 958, eller ein annan av våre tilsette.

REFLEKS TEN SING

øver i Vonheim
torsdagar kl. 18.00-21.00.



Ungdom frå 13 til 20 år er hjarteleg velkomne!

Kontaktperson: Ingrid Tønnesen. Tlf 480 31 200.

Eldretreff i Evanger bedehus

desse dagane kl. 11.00:
torsdag 18. september
onsdag 15. oktober

På eldretreffet vert det servert god mat og alltid godekaker til kaffien. Ofte litt underhaldning.



VOK

(Voss kantori)

øver i Vangskyrkja
tysdagar kl. 18.30-20.00.

Songglade vaksne i alle aldrar er velkomne!

Kontaktperson: Gohar Marandyan.
E-post: gm282@kyrkja.no



Føremiddagstreff i Raundalskyrkja (kyrkjestova)



kl. 11.00 desse onsdagane:

- 8. oktober
 - 12. november
- Enkel lunsj.

Vel møtt!

Voss Kyrkjeakademi

i Vonheim kl. 19.00-21.00

15.10. «18 år i fengsel - med nøkkel»
v/Ragnar Tesdal

15.11. «Song er dobbelt bøn»
v/Berit Opheim

Kontaktperson: Kari Bye.
Tlf 975 62 212.



TAVLA



Sundagsskolen

Voss søndagsskule

21.09. kl. 11.00 i Vangskyrkja

19.10. kl. 11.00 i Vonheim

Kontaktperson: Turid Fjose. Tlf 414 18 326.

Bolstadøyri søndagsskule

Datoar for hausten vert kunngjort lokalt.

Kontaktperson: Anny Karin Forthun. Tlf 481 36 520.



TWEENSKLUBB

for 5.-8. klassingar

kl. 11.00 desse søndagane:

21.09. i Vangskyrkja

05.10. i Vangskyrkja

19.10. i Vonheim

02.11. i Vangskyrkja

16.11. i Vonheim

Kontaktperson: Vetle Leksbø. Tlf 947 93 477



Supertysdag

i Vonheim - for alle familiar!

30/9 og 28/10



Meir informasjon på Facebook-gruppa
«Supertysdag i Vonheim - føresettsgruppa»

Kontaktperson: Vetle Leksbø. Tlf 947 93 477.

VELKOMEN TIL

Fredagsklubb

i Kyrkjestova på Oppheim

4. - 6. klasse: 18 - 20

7. - 10. klasse: 20 - 22

17. oktober | 14. november

Kontaktpersonar:

Anja Slåtten 41704958 / Gro Samland 47907900

MODIFISERT ARRANGEMENT!

Seniortreff

i Vonheim tysdagar

kl. 12.00-14.30

14.10. Mannekengoppvisning

04.11. Eldrerådet

Pris kr 150,-. Treng du skyss? Ring 478 49 134.

Kontaktperson: Sigrid D. Mala. Tlf 478 49 134.



Bibel &
Misjon



i Kyrkjjetunet onsdagar kl. 19.00-21.00

1. oktober: Tema: Genesis (del 2)

12. november: Tema: Genesis (del 2)

Kontaktperson: Inger Sigh Petersen.

Tlf 906 18 125.

Sorggruppe

i Kyrkjjetunet måndagar

kl. 18.00-20.00:

• 20. oktober

• 10. november

Kontaktpersonar:

Sigrid Djukastein Mala. Tlf 478 49 134.

Anja Kristin Slåtten. Tlf 417 04 958.



Ope Kyrkjjetun

kvar torsdag kl. 14.00-16.00.

Sosialt fellesskap - enkel servering.

Desse torsdagane vert det først

«Musikkstund i Vangskyrkja»

kl. 14.00-14.30:

11.09. | 09.10. | 06.11.

Kontaktperson: Signy Tunes. Tlf 995 06 878.



DØYPTE

Voss sokn:

18.05.2025 Saga Stue Sandvik
 29.05.2025 Eva Naustdal Gustad
 01.06.2025 Ella Horvei Røkenes
 Anna Vines Ringheim
 Alida Brunborg Hana
 08.06.2025 Theodor Sjøthun Skjerve
 Ingrid Jordalen Sande
 Olav Lussand Skalleberg
 Mathilde Moreno Aalvik
 15.06.2025 Johannes Rio Hjørnevik
 Adam Ovrud Auro
 Mats Thorsnes Mykkeltvedt
 29.06.2025 Sigurd Lemme Bøyum
 Endre Knutsen Lemme
 06.07.2025 Julie Tøn
 13.07.2025 Johan Hernes Hårklau
 03.08.2025 Ingeborg Græsli Grove
 Oda Kristiansen Thompson
 Emrik Solberg Henanger
 Lina Nyre Gjelle
 17.08.2025 Nils Irgens Fjær
 Malin Dyvik Jordalen

Voss sokn:

17.08.2025 Kari Gjerstad Selheim
 Julie Flatekvål Nornes
 24.08.2025 Olav Mandelid
 Isabella Stabæk
 Oliva Brekke
 Frida Aasbø Rio

Vinje sokn:

08.06.2025 Martine Hyggen Gunnlaugsson

Raundalen sokn:

15.06.2025 Mikkel Bjørkum Slettemark

Oppheim sokn:

15.06.2025 Tilde Riise Bryn
 10.08.2025 Steinar Larsson Sleen

Evanger og Bolstad sokn:

29.05.2025 Sjur Århus
 24.08.2025 Astrid Tvedt Norheim
 Storm Midje Akselberg

VIGDE

Voss sokn:

24.05.25 Marte Lægland Johnsen og Ruben Bakke
 30.05.25 Nina Marie Larsen og Fredrik Storemark Taule
 31.05.25 Zofie Pedersen Bachleda og
 Steffen Rykke Stabæk
 Yasmin Katrine Dregelid og
 Martin Tombre Klovning
 07.06.25 Ine Nyland og Lars Helge Gjernes
 Kine Shalaka Halseth og Petter Schrøder
 21.06.25 Kristina Vetthe Istad og Arne Skarstein Bidne
 Julie Nymark Eikeland og Runar Kolle
 Silje Hansen og Kolbjørn Øvsthus Skutle
 28.06.25 Hilde Daltveit Melve og Petter Kjørstad
 05.07.25 Rønnaug Kvarekvål Nedkvitne og
 Gert Sander Hamre Eike
 Maren Raanes og Ørjan Svennes Tryti
 18.07.25 Larissa De Jesus Sousa og Eirik Stigson Kvåle
 19.07.25 Ida Amalie Vines og Anders Berge Ringheim
 Kari Reutz Ringheim og Ole Haug
 26.07.25 Margareth Sivertsen og Anders Øvsthus

Voss sokn:

02.08.25 Ann Kristin Almeland og Abdul Hadi Mohabat
 Mariann Aabrekk og Knut Erik Wuttudal
 Veronica Paulsen Sæther og
 Oscar Harang Henrii
 09.08.25 Silje Hauge og Christian Tengs
 16.08.25 Marthe Solsvik Myredal og Eirik Ona Eikefet
 23.08.25 Agnete Catalina Wesenberg og
 Dag Coll Mossige
 24.08.25 Elisabeth Nestås Ovrud og Ørjan Brekke

Raundalen sokn:

15.06.25 Kristine Bjørkum og Jan Helge Slettemark

Evanger sokn:

09.08.25 Rebekka Sandvik og Eivind Fluge

Granvin sokn:

24.05.25 Fredrik Mikal Kalsaas og
 Chrissander Løtvedt Fossmark

DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Voss sokn:

18.04.25	Nina Øvstedal	1962
26.04.25	Eva Brusgaard Melum-Hansen	1930
04.05.25	Guri Axelsen	1959
05.05.25	Knut Gjerde	1940
05.05.25	Hermund Slaattelid	1932
08.05.25	Sveinung Berge	1947
13.05.25	Jorunn Sannan Olsen	1942
17.05.25	Elsa Byrkje	1935
19.05.25	Björg Bendiksen	1929
22.05.25	Josef Folkedal	1942
28.05.25	Ellen Marie Midttun	1929
01.06.25	Aslaug Skutle	1931
11.06.25	Roald Underdal	1933
15.06.25	Edel Marie Rundhaug	1938
23.06.25	Åsviv Kvåle-Reigstad	1974
28.06.25	Anne-Lise Fykse	1950
30.06.25	Laila Margrete Mandelid	1945
04.07.25	Målfrid Håheim	1958
05.07.25	Ivar Helland	1945
06.07.25	Alfred Trondsen	1936
15.07.25	Thor-Christian Hansen Wulff	1997
18.07.25	Aslak Helleve	1946
06.08.25	Turid Gjelstein	1943

Voss sokn:

08.08.25	Odd Akselberg	1937
14.08.25	Britt Mari Herheim	1956

Evanger og Bolstad sokn:

12.06.25	Lars Agnar Brunborg	1941
24.06.25	Johannes Mæland	1934
28.06.25	Thor Larsen Salte	1939
01.08.25	Ellinor Bolstad	1932

Granvin sokn:

18.05.25	Valborg Eide	1933
02.06.25	Aud Rønnaug L Hamre	1947
06.06.25	Ingebjørg Kolskår	1939
09.06.25	Olav Hydle	1937
10.06.25	Arne Furuberg	1929
24.06.25	Gunnar Folkedal	1940
22.07.25	Liv Alis Holven	1943

Oppheim sokn:

02.07.25	Liv Rivenes Hjørnevik	1942
----------	-----------------------	------

Vinje sokn:

26.06.25	Helge Gjerald	1960
----------	---------------	------

Dåpskjolar til utlån

Kyrjekontoret for Voss har tre nydelege dåpskjolar som me låner ut til dåps-seremoniar i kyrkja, for dei som ynskjer det og ikkje har kjole sjølv. Me har både rosa og blått band og fleire huer.

Tilbodet er gratis!

Dersom de ynskjer å låna dåpskjole, kan de kontakta oss på e-post: post.voss@kyrkja.no eller tlf. 56 52 38 80.

Kjolen kan prøvast på kyrjekontoret, og utlånet gjeld på sjølve seremonien i kyrkja. Me tek oss av klargjering i forkant og vask/rens i etterkant.

Meir informasjon om dåp finn de på nettsida vår: www.voss.kyrkja.no/Dåp-konfirmasjon-vigsel-gravferd/Dåp.

Velkomne til dåp!



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Voss

Nye opningstider for kyrjekontoret

Frå 1. september har kyrjekontoret desse opningstidene:

måndag-fredag kl. 10.00-14.00

onsdag kl. 12.00-14.00

Telefonen er open i same tidsrom.

Lysekrona i Vangskyrkja

Tidleg i sommar vart det sett i gang ein innsamlingsaksjon for å finna midlar til å få hengt opp att lysekrona i Vangskyrkja.

Denne fekk stor respons, og det vart samla inn kr. 27.950. Dei to største gåvene var frå Voss Y's men klubb og Kyrkjeakademiet Voss.

Elles er det 15 privatpersonar som har sendt gåver.

Tusen takk til alle!

Vi vil finna ein høveleg dag i september til å få hengt opp krona.



Gudstenesteliste

Bolstadøyri bedehus:

19.10. kl. 11.00 Hausttakkefest v/Strømme.

Evanger kyrkje:

28.09. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Strømme.

02.11. kl. 11.00 Minnegudsteneste/-konsert v/Kvamsøe.

Oppheim kyrkje:

05.10. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Skeie.

26.10. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp og nattverd v/Skeie. Gullkonfirmantar.

02.11. kl. 19.30 Minnegudsteneste v/Skeie.

Vinje kyrkje:

21.09. kl. 11.00 Familiegudsteneste med hausttakkefest og T3/4 - utdeling av barnebibel v/Skeie.

Raundalskyrkja:

19.10. kl. 11.00 Familiegudsteneste og hausttakkefest v/Skutlaberg. T 3/4/5.

02.11. kl. 17.00 Minnegudsteneste v/Skeie.

Vangskyrkja:

21.09. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Leksbø. Barneopplegg og tweensklubb.

28.09. kl. 11.00 Familiegudsteneste med nattverd, T4 og hausttakkefest v/Küspert.

05.10. kl. 11.00 Gudsteneste med nattverd v/Hellesøy. Barneopplegg og tweensklubb.

12.10. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.

19.10. kl. 11.00 Vonheim: Gudsteneste med barneopplegg og tweensklubb v/Küspert.

26.10. kl. 11.00 Folkemusikkmesse med nattverd v/Hellesøy.

02.11. kl. 11.00 Helgemesse med nattverd v/Küspert. Barneopplegg og tweensklubb.

02.11. kl. 17.00 Minnegudsteneste v/Küspert.

09.11. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.

16.11. kl. 11.00 Vonheim: Felleskyrkjeleg familiegudsteneste med nattverd v/Leksbø og Küspert. Tweensklubb.

23.11. kl. 11.00 Gudsteneste med dåp v/Hellesøy.

Granvin kyrkje:

21.09. kl. 11.00 Gudsteneste med konfirmant-presentasjon v/Ulvik.

05.10. kl. 14.00 Mælandshagen: Gudsteneste med nattverd v/Ulvik.

19.10. kl. 11.00 Hausttakkefest-gudsteneste v/Ulvik.

02.11. kl. 19.00 Minnegudsteneste v/Ulvik.

23.11. kl. 11.00 Familiegudsteneste med dåp og utdeling av 4-årsbok v/Ulvik.

Dåp kan bestillast via kyrkja si heimeside: www.voss.kyrkja.no.

Ver merksam på at det kan koma endringar på gudstenestelista! Følg med i avisa Hordaland eller på www.voss.kyrkja.no.

Dåpskjolar og brurekrone på Vossestrand

Vinje Sokn har fått nydeleg dåpskjole i gåve frå Bygdekvinnelaget. Det er såleis dåpskjolar til utlån både på Oppheim og på Vinje.



Dåpskjolane ligg oppbevarte i kyrkjene, og kan lånast på kort varsel. Kontakt Oppheim/Vinje sokneråd eller prest for å avtala utlån.

Vinje Sokn har brurekrone til Vossabunad til utleige. Krona var ei gåve til bygdefolket og Det Norske Misjonsselskap frå Ingeborg Tveite i Myrkalden i 1955, og var lenge eigd av eit legat. Legatet er no oppløyst og krona er gjeven vidare til Vinje Sokn. Krona er oppbevart i bankboks, og må tingast i god tid før bruk.

Sokneråda på Vossestrand har godt samarbeid med Bygdekvinnelaga, og dei hjelper til ved utlån av dåpskjolane og ved utleige av brurekrona (dei har brurebunad til utleige).